



ULSTEIN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ottar Grimstad

Arkivsak: 2010/428

Løpenr.: 4638/2010

Utvaksnsnr.	Utval	Møtedato
	Levekårsutvalet	
	Ulstein formannskap	

Saka gjeld:

**STØNAD TIL HELSETENESTER MOTTEKE I EIT ANNA EØS-LAND -
HØYRINGSUTTALE**

Tilråding frå Rådmannen:

Ulstein kommune aksepterer ikkje at kommunane skal få betalingsansvar for helsetenester innbyggjarane får i andre EØS-land.

Saksfakta:

Det er eit prinsipp i lovverket omkring kommunehelsetenester at det ikkje er betalingsplikt mellom kommunar. Dersom innbyggjarar reiser til nabokommunen for å få fysioterapi eller legehjelp, utløyser det ikkje rekninga mellom kommunane.

No foreslår departementet at dette prinsippet ikkje skal gjelde dersom innbyggjarane reiser til utlandet – andre EØS-land – for å få denne helsehjelpa. Dei skal da kunne presentere rekninga for denne behandlinga for HELFO som vurderer kravet og betaler ut. HELFO skal så sende rekninga vidare til kommunane.

Uprenta vedlegg: Forslag til forskrift om ny ordning for refusjon av pasienters utgifter til helsehjelp (ikke-sykehusbehandling) i andre EØS-land.

Vurderingar og konklusjon:

Dette er eit brot på dei betalingsprinsippa som elles gjeld for betaling for helsetenester utanfor eiga kommune. Det er også uakseptabelt at ein statleg instans skal vurdere rettmessigheita av krava for så berre å sende rekninga vidare til kommunane utan at kommunen har noko innflytelse i saka. Refusjon for slik behandling bør fullt ut vere eit statleg ansvar og ligge hos Helfo.

Økonomiske konsekvensar:

Det er vanskeleg å vurdere kor store dei økonomiske konsekvensane vil bli for vår kommune. For grensekommunar mot t.d. Sverige vil kostnadane kunne bli store. Reglane vil kunne innebere at utgifter til behandling for fysikalsk behandling i samband med ferieopphald eller andre opphold i sørlege land, vil kunne sendast til vår kommune, noko som vil kunne kome til å få eit ubetydeleg omfang.

Ulsteinvik, 11.05.2010

Einar Vik Arset
rådmann

Ottar Grimstad
Helsesjef